



VANYLVEN KOMMUNE
Rådhusvegen 1
6143 FISKÅ

Saksbehandler, innvalgstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak om utsleppsløyve for tiltak i sjø - Breivika - utfylling i sjø - Vanylven kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir Vanylven kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr. 72 bnr. 16 ved Breivika i Vanylven kommune. Løyve med vilkår er vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 91 400 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad av 23.08.2024 frå Vanylven kommune om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Breivika.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Vanylven kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Breivika, gnr. 72 bnr. 16, i Vanylven kommune. Løyvet er gjeve med heimel i *Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall* (forureiningslova) § 11, § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskast gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Vanylven kommune søkte 23.08.2024 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Breivika, gnr. 72 bnr. 16. Det skal fyllast ut med om lag 1 122 000 m³ massar (+/- 20 % av mengda grunna usikkerheit i berekningane). Området som skal fyllast ut er på 58 500 m², inkludert fyllingsfot.



Hensikta med tiltaket er å utvide landarealet slik at området kan utviklast. Det er planlagd mellom anna småbåthamn, båtopptrekk, brygge, badeplass og rasteplass.

Det er planlagd å i hovudsak nytte massar frå Stad skipstunnel til utfyllinga. Oppstarten og varigheita av tiltaket kjem difor an på Kystverket si framdrift med skipstunnelen.

Høyring og innspel

Søknaden var på høyring i perioden 04.11.2024 til 12.12.2024. Vi fekk inn dei fylgjande uttalene og innspela:

Kystverket (11.11.2024)

Kystverket skriv at alle tiltak som kan ha påverknad på tryggleiken eller ferdselen i farvatnet er søknadspliktige etter hamne- og farvasslova § 14. Dei opplyser at det aktuelle tiltaket overlappar med bileia 2362 *Vanylvsfjorden-Kjødepollen*, og at det difor er Kystverket som skal handsame ein eventuell søknad. Søknadsplikten skal òg vere nemnd i detaljreguleringsplana for Breivika småbåthamn § 2.3. Kystverket har elles ingen merknadar til handsaminga av søknaden etter forureiningslova.

Fiskeridirektoratet (25.11.2024)

Fiskeridirektoratet skriv at dei uttaler seg for å opplyse saka med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser i området og marint biologisk mangfald som er viktig for næringane.

Dei opplyser at det er registrert eit område for passive reiskap (garn) i utfyllingsområdets nordlege/nordvestlege ytterkant og eit område for aktive reiskap (not) om lag 50 meter utanfor. Det er òg registrert fleire låssettingsplassar for sei, sild og makrell, der dei næraste er utanfor Lyngneset (om lag 720 meter vest for utfyllingsområdet) og ved Otneset om lag 850 meter mot nordvest og mellom Gorgeneset og Skorgestranda om lag 1,4 kilometer sør/sørvest for utfyllingsområdet.

Fiskeridirektoratet har nytta automatiske sporingskjelder og posisjonsrapportering til å vurdere fiskeriaktiviteten i området. Det synast svært lite fiskeriaktivitet i området, men aktiviteten kan likevel vere høgare då mindre fartøy ikkje har krav om rapportering. Fiskeridirektoratet vurderer at det ikkje er tilhøve som skulle tilseie at tiltaket vil kome i vesentleg konflikt med kartlagde fiskeriinteresser når det gjeld arealbruk.

Det må takast spesielt omsyn til låssettingsplassane og fiskeriaktørane må varslast. Innrapportert låssetting syner at plassane ved Gorgevik og Otneset er relativt mykje brukt.

Fiskeridirektoratet opplyser at det ikkje er akvakulturlokalitetar i nærområdet. Den næraste er 12233 Stokkeneset, om lag 3,4 kilometer mot nord, som er ein matfisklokalitet for torsk.

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk i Kjødepollen, med gytefeltverdi 4. Fiskeridirektoratet har sjølv registrert eit gyteområde for torsk i Kjødepollen og eit oppvekst- og beiteområde for hestmakrell om lag 160 meter frå tiltaksområdet. Utfyllingsområdet ligg i gytefeltet/gyteområdet for torsk, og direktoratet ynskjer at det takast omsyn til gytinga og tidlege livsstadium. Hovedaktiviteten for gyting er i perioden frå februar til april, og det kan vere larvar som botnslår heilt fram til midten av juni. Direktoratet peiker på at planbestemmingane i reguleringsplana i hovudsak tek dette i vare.

Det er registrert eit viktig blautbotnsområde i strandsona ved Saltvik-Åheimselva om lag 1,2 kilometer nordaust for utfyllingsområdet, og to til i Stad kommune (Otnesvågen og Jakteвика). Det er



registrert ein større tareskogförekomst (stortare) utanfor Kvamsvika, verdivurdert som viktig, om lag 2 kilometer nord for planområdet. I stad er det en lokalt viktig større tareskogförekomst med sukkertare ved Sneideneset og ein ved Gorgeneset, verdivurdert som viktig.

Norconsults naturkartlegging med ROV påviste ei ålegraseng verdivurdert som svært viktig og tareskog i mindre delar av utfyllingsområdet. Ålegrasenger kan vere potensielle oppvekst- og beiteområde for torskeyngel og andre artar. Nordaustlege del av ålegrassamfunnet vil verte borte ved utfylling slik det er søkt om og resten ligg i influensområdet. Ålegras er sårbart for nedslamming og partikkelspreiing og kan skape funksjonsområde for mange artar.

Moglege konsekvensar av utfylling kan vere endra straumtilhøve og habitat, biotop og artsmangfald. Det må syrgjast for at utfyllingsmassane er reine og hindrast spreieing av plastfiber og skyteleidning frå massane. Stein frå sulfidhaldige bergartar er ikkje reine massar. Fiskeridirektoratet ynskjer at det vurderast å unngå utfylling og/eller sette i verk avbøtande tiltak i gyteperioden for torsk og perioden for tidlege livsfasar (1. februar – 1. juni). Dei ynskjer at det nyttast minst mogleg plast under sprengingsarbeidet (elektroniske tennarar og stålfiber som søkk) og at det vert innført rutinar for å overvake og samle opp synleg plast og anna avfall, i tillegg til at det vert vurdert å etablere ein flytande barriere ikring tiltaksområdet eller mot ålegrassenga. Det bør òg vurderast å vaske massane før utfylling.

Fiskeridirektoratet syner til ei uttale frå HI i ei tidlegare sak der sistnemnde anbefalte at mudring og utfylling i sjø nær gytefelt i størst mogleg grad utførast utanfor gytetida og tida der yngelen botnslår. HI anbefalte òg bruk av siltgardin. Fiskeridirektoratet ynskjer at utfylling i sjø unngåast i perioden frå 1. februar til 1. juni og at det nyttast spreieingsbarriere dersom det fyllast ut i perioden 1. juni til 1. september.

Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at det aktuelle tiltaket kan medføre forureining og anna miljøulempe og at det er naudsynt med eit løyve, jf. forureiningslova § 11. Vi har vurdert tiltaket etter bestemmingane i naturmangfaldlova § 8-12 og i vassforskrifta.

Regulering og plan

Søkjaren (Vanylven kommune) skriv at gjeldande reguleringsplan for området er «Områdeplan Breivika», med arealplan-ID 202202, som vart vedteken 17.06.2024. Grunneigar er Orica Mining Services, eit firma som oppbevarer og leverer sprengstoff, og området er sperra av for allmenta. Kommunen skriv at den har inngått ein intensjonsavtale om å kjøpe tomta.

I detaljregulering for Breivika småbåthamn (eigengodkjenningssdato 17.06.2024) står det at føremålet med plana er å oppnå formelt plangrunnlag for utfylling i sjø av eit område for turisme friluftsliv med småbåthamn og andre funksjonar i Breivika. Tiltaket er planlagd å stimulere til auka turisme i området og å styrke tilbodet til dei fastbuande.

Forureining og spreieing av partiklar

Norconsult har utført miljøteknisk sedimentundersøking ved tiltaksområdet, jf. rapport med oppdragsnr. 52200163, datert 12.08.2022. Det vart utført prøvetaking i fem stasjonar i tillegg til ein referansestasjon. Sjøbotnen på 20-30 meters djupne hadde eit substrat som var lite eigna til prøvetaking, og dei fleste prøvane er difor frå grunnare sjøbotn enn 20 meter. Sedimentet bestod av brungrå sand og silt (høgt siltinnhald) med ulik grad av små og mellomstor stein. Det vart registrert svak lukt av hydrogensulfid ved alle stasjonane med unntak av ein.



Sedimentprøvene synte generelt låge konsentrasjonar av dei undersøkte miljøgiftparametrane. Ved stasjon «S5B» og referansestasjonen vart antracen påvist i tilstandsklasse III (moderat tilstand, jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608), og ved «S4B» vart TBT-konsentrasjonen klassifisert til klasse III. I tillegg vart det påvist nikkel i klasse III ved alle stasjonane, noko Norconsult meiner har tilknytning til olivinutvinninga ved Åheim. Norconsult vurderer sedimenta som lettare forureina og finn at eventuell spreiring frå tiltaksområdet ikkje vil ha negativ konsekvens for områda ikring då dei kan ventast å ha det same nikkelnivået i sedimentet.

Vi sluttar oss i det vesentlegaste til Norconsult sine vurderingar. Vi meiner det ikkje er naudsynt med tiltak som sandpute mot forureining i sedimenta i denne saka.

Norconsult anbefaler å vurdere om siltgardin er eigna i det aktuelle området mot partikkelspreiing og for å skjerme ein ålegrasførekomst i nærleiken, jf. konsekvensutgreiingsrapport datert 04.11.2022.

Vi sluttar oss til konsulenten si vurdering og sett som vilkår (2.5) at det skal nyttast siltgardin eller liknande barriere for å redusere spreiringa ut frå anleggsområdet så langt det er praktisk mogleg. Det går fram av søknaden at bruk av siltgardin vil kunne vere vanskeleg å gjennomføre i praksis under delar av tiltaket, mellom anna som følgje av lekertrafikken til og frå området. Tiltakshavar kan vurdere når dei praktiske utfordringane overstig nytteverdien, men utgangspunktet bør vere at det skal nyttast siltgardin der det arbeidast. Beskyttelse av naturverdiane i området (meir om desse i komande avsnitt) bør vektleggast ved bruk/plassering av siltgardin.

Utfylling med ei stor mengde massar kan medføre vesentleg spreiring av partiklar i sjøen. Tiltaket må overvakast ved turbiditetsmåling slik at ein kan ha kontroll på partikkelnivåa, jf. vilkår 3.1-3.4 i løyvet.

Plast og marin forsøpling

Marin forsøpling er ei utfordring langs Noregs kyst. Utfylling og andre tiltak i sjø kan gjeve marin forsøpling ved mellom anna spreiring av sprengtrådstellar frå utfyllingsmassar.

Søkjaren skriv at det er venta at det vil vere plast i sprengsteinmassane, og at mengda avheng av metode for sprenging og tennssystem og også av om føringsrøyra takast ut før sprenging. Vidare skriv dei at det er Kystverket som bestemmer dette, basert på kva krav dei får i løyvet til utsprenging av skipstunnelen ved Stad. Det er oppgitt at massane skal sprengast ut med pallsprenging, noko som reduserer innhaldet av plast samanlikna med vanleg tunneldriving, men det er ikkje kjend kva tennssystem som skal nyttast. Søkjaren skriv at dersom det vert aktuelt å nytte andre massar enn dei frå skipstunnelen, vil det nyttast massar som er sprengd ut med elektronisk tennsystem.

Det er viktig at det spreiaast minst mogleg plast under det aktuelle tiltaket. I vilkår 2.6 i løyvet har vi sett krav til handsaming av plast- og avfallsproblematikken.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. I vurderingane våre har vi nytta informasjon i søknaden og rapportane lagt ved denne og tilgjengeleg informasjon i databasane GisLink og Fiskeridirektoratets kartverktøy og høyringsuttala frå Fiskeridirektoratet. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, og finn ikkje grunn til å leggje spesiell vekt på føre-var-prinsippet, jf. § 9.



I GisLink er det ein registrering av naturtypen blautbotnsområde i strandsona ved Otneset, om lag 950 meter nordvest for tiltaksområdet og tilsvarande i området der Åheimselva renn ut, om lag 1,2 km mot nord.

I Fiskeridirektoratets kartverktøy er det registrert større gyteområde for torsk i heile fjorden der tiltaksområdet ligg frå nær Stokkeneset i nord til Kjøddepollen lengst inne. Feltet registrert av HI har gytefeltverdi 4 og er «lokalt viktig». I fjorden er det også registrert eit større oppvekst- og beiteområde for hestmakrell (hestmakrell har status som livskraftig i Artsdatabanken). Fiskeridirektoratet nemner i høyringsuttala si perioden februar-april som tida torsken gyter og perioden fram til starten av juni som tida yngelen botnslår.

Vi sett som vilkår (2.7) at utfylling i sjø skal utførast utanom torsken sin gyte- og tidlege oppvekstfase, 1. februar til 1. juni. Dette skal sikre at ikkje torskebestanden i området vert utsett for uakseptabelt stor påverknad frå tiltaka og er i tråd med bestemmingane i reguleringsplanen og anbefalingar frå Norconsult. Også ved arbeid i tida frå 1. juni til 30. juni bør det visast spesiell varsemd og ikkje arbeidast med for høg intensitet.

Det er registrert større fiskeplassar for aktive og passive reiskap i fjorden, med kort avstand til tiltaksområdet. Det er òg registrert låssettingsplassar ved Skorge, Lyngneset og Otneset, med avstand på under 1 km til tiltaksområdet ved dei to næraste. Vi oppmodar tiltakshavar til å varsle og ha dialog med dei lokale fiskarane slik at ikkje fisket vert skadelidande som fylgje av tiltaka.

Den næraste registrerte akvakulturlokaliteten er 12233 Stokkeneset, som ligg om lag 3,5 km unna tiltaksområdet i nordleg retning. Dette er ein stor avstand, og ingen vesentleg påverknad ventast.

Norconsult har utført ROV-kartlegging av sjøbotnen i Breivika i tilknytning til det aktuelle tiltaket, jf. rapport av 12.08.2022. I rapporten skildrast sjøbotnen i tiltaksområdet som i hovudsak dekkja av sand og stein med små raudalgar og hydroidar eller lurv. Individ av tare vart observert fleire plassar, men heilt sørvest i tiltaksområdet var det ein tettare tareskogförekomst (stortareskog). Tareskog er kartlagt sørvest og nord for tiltaksområdet. Nærast land vart det funne ålegraseng i både tiltaks- og tilgrensande område. Norconsult skriv at av naturtypar etter DN-handbok 19 vart det funne ålegras, tareskog og blautbotnsområde.

Både ålegrasenger og tareskogar har viktige roller i kystøkosystema som potensielle oppvekst- og leveområde, gøymestadar og liknande for mange forskjellige artar. Blautbotnsområde er ofte viktige for både overvintrande og trekkande fuglar og for lokale fuglekoloniar på næringssøk. Norconsult anbefaler i konsekvensutgreiingsrapporten at tiltaksarbeid utførast utanom hekketida for gråmåke og perioden der fugleungane er på sitt mest sårbare. Dei skriv òg at det ikkje er holmar i nærleiken med hekkelokalitet for fuglar og at fuglane truleg vil vennast til noko auka støy etter kvart som tiltaket utførast. Vilkåret om å unngå arbeid i gyte- og oppveksttida til torsken vil òg beskytte fuglane i mykje av den sårbare perioden deira.

Tiltaket vil medføre noko beslag av areala der det er kartlagt ålegraseng og tareskog. Det vil vere større areal som ikkje vert direkte beslaglagt, men som kan påverkast av tiltaksarbeidet ved spreining av partiklar og slam med påfølgjande redusert lystilgang og liknande. Vilkår om siltgardin og turbiditetsmålingar skal redusere den negative påverknaden som desse naturverdiane vert utsett for under tiltaket, jf. vilkår 2.5 og 3.1-3.4.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Det er sett vilkår i løyvet om avbøtande tiltak som skal



redusere uheldig belastning på økosystemet. På bakgrunn av disse vurderer vi at tiltaket i Breivika ikkje vil medføre eit bidrag til den samla belastninga som er uakseptabelt stor sett i samanheng med samfunnsnytta ved tiltaket.

Vår vurdering av samfunnsnytta har tatt utgangspunkt i at det i hovudsak skal nyttast massar frå Stad skipstunnel til utfyllinga. Dette prosjektet genererer ei stor mengde massar, og mykje av dei vil verte dumpa i sjøen dersom dei ikkje nyttast til samfunnsnyttige prosjekt i nærområda. Dersom tilgangen på massar frå skipstunnelen vert vesentleg mindre enn det som er planlagd for, kan det verte vanskeleg å fullføre utfyllingsprosjektet i Breivika. Det er uheldig dersom området vert ein plass der det uregelmessig dumpast massar frå ulike prosjekt med mindre grad av kontroll, til ulempe for naturverdiane i området. Vi har sett eit vilkår (2.10) i løyvet om at ein plan for vidare framdrift skal leggjast fram dersom det vert mindre tilgang på massar frå Stad.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den aktuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnadar av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten *Kjødepollen* (0301010100-C). Denne har registrert moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand, begge registreringane med middels presisjon. Det er førekomsten av stoffa nikkel, antracen og TBT som gjer at vassførekomsten ikkje oppnår god kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje utførast dersom tiltaka vil medføre ei degradering av førekomstens status. På bakgrunn av dei avbøtande tiltaka som skal gjerast, jf. vilkår i løyvet, vurderer vi det ikkje sannsynleg at arbeidet vil medføre ei degradering av statusen.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillèt tiltak i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre spreining av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 24.10.2024 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

På bakgrunn av tid- og ressursbruken vår knytt til sakshandsaminga, vert saka som varsla plassert under gebyrsats 5. Dette inneber at verksemda skal betale eit gebyr på kr 91 400 for sakshandsaminga. Gebyrsats 5 har auka til kr 91 400 i 2025.

Faktura vert sendt ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.



Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast, og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar».

Dette er vårt forslag til tekst ved kunngjering i dagspressa:

Vanylven kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Breivika, gnr. 72 bnr. 16. Utfyllinga skal gjerast for utvikling av området. Vedtak og løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar». Ei eventuell klage på vedtaket må sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan tre veker.

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gyldig til 31.12.2032
- Målingar av kjemisk tilstand i sedimenta skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31.07.2025.
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at tiltaksarbeidet er ferdig.

Med hilsen

Christian Dahl (e.f.)

Thomas Aurdal



underdirektør

senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET

KYSTVERKET

STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Postboks 185 Sentrum

Postboks 1502

Postboks 7800

5804 BERGEN

6025 ÅLESUND

5020 BERGEN



Tillatelse for Vanylven kommune til utfylling i sjø ved Breivika, gnr. 72 bnr. 16

Tillatelsen er gitt i medhold av [lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall](#) § 11. Det er satt vilkår etter forurensningsloven § 16. Tillatelsen kan ikke tas i bruk før det også foreligger nødvendige tillatelser eller klareringer etter plan- og bygningsloven, havne- og farvannsloven og kulturminneloven.

Bedriften må på forhånd avklare skriftlig med Statsforvalteren i Møre og Romsdal endringer den ønsker å foreta i forhold til opplysninger gitt i søknaden eller under saksbehandlingen som kan ha miljømessig betydning.

Tillatelsen er gyldig til **31.12.2032**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Vanylven kommune
Beliggenhet/gateadresse	-
Postadresse	Rådhusvegen 1, 6143 FISKÅ
Org. nummer (bedrift)	964 978 662
Lokalitet for tiltaket	Breivika
Koordinater for tiltak (UTM 32)	X: 316881, Y: 6881843
Gårds- og bruksnummer for tiltak	Gnr. 72 bnr. 16
Kommune tiltak utføres i	Vanylven

Statsforvalterens referanser

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2025.0051.T	1511.0053.01	4
Tillatelse gitt:	Endringsnummer:	Sist endret:
27.01.2025	-	-
Arkivreferanse:	2024/5419	

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

¹ Miljømyndighetenes system for beregning av hyppighet av frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høyest og 4 er lavest.

Endringslogg

Endringsnummer	Endringer av	Punkt	Beskrivelse
-	-	-	-

1. Tillatelsens virkeområde

Tillatelsen omfatter utfylling med ca. 1 122 000 m³ rene masser (+/- 20 % av mengden grunnet usikkerhet i beregningene) i et område på ca. 58 500 m² sjøbunn (inkludert fyllingsfot) ved gnr. 72 bnr. 16 i Vanylven kommune. Tillatelsen gjelder kun masser som er egnet til formålet.

2. Vilkår for utfylling i sjø

- 2.1 Det forutsettes at tiltaket gjennomføres som angitt i søknad datert 23.08.2024 dersom ikke annet fremgår av tillatelsen, andre vedtak eller på annen måte er avklart med Statsforvalteren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Statsforvalteren skal varsles når arbeidene starter. Dette kan gjøres ved å sende en epost til saksbehandler.
- 2.3 Det skal benyttes metoder for utfylling som minimerer faren for spredning av forurensning.
- 2.4 Utfyllingsmassene skal ikke overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarende tilstandsklasse II for sedimenter i henhold til Miljødirektoratet sin veileder for klassifisering av metaller og organiske miljøgifter i vann, sediment og biota (M-608/2016). Massene skal også ligge innenfor normverdiene fastsatt i forurensningsforskriften kapittel 2 vedlegg 1. Det tillates ikke bruk av reaktive bergarter. Massene skal være egnet for formålet. Det tillates ikke å fylle ut med masser hvis hovedformålet å kvitte seg med massene.
- 2.5 Det skal benyttes partikkelsperre, som siltgardin, under arbeidet så langt det vurderes praktisk mulig og hensiktsmessig. Siltgardinet skal plasseres og dimensjoneres slik at det så effektivt som mulig hindrer spredning av miljøgifter, slam og partikler ut fra anleggsområdet. Beskyttelse av nærliggende naturverdier (ålegresseng, tareskog, bløtbunnsområder) skal vektlegges når plassering velges. Det må etableres rutiner for å kontrollere at barrieren er intakt og fungerer etter hensikten.
- 2.6 Det må sørges for at spredning av sprengtrådrester og annet avfall fra fyllmassene i det marine miljøet begrenses så mye som mulig. De tekniske løsningene skal velges som i størst mulig grad begrenser mengden avfall fra tiltaket. Det skal gjennomføres opprydning i plast og annet avfall underveis og i etterkant av tiltaket både i tiltaksområdet og i nærliggende områder som blir påvirket. Opprydningen skal være basert på rutiner som er beskrevet i internkontrollen, og oppsamling av eventuelt avfall skal loggføres. Oppsamlet avfall skal leveres til lovlig avfallsmottak. Masser med høyt innhold av sprengtrådrester eller annet avfall skal ikke benyttes til utfylling i sjø.
- 2.7 Utfylling i sjø skal unngås i gyte- og oppvekstperioden for torsk (fra og med 1. februar til og med 1. juni). I perioden videre frem til 30. juni skal det utvises ekstra varsomhet og intensiteten i arbeidet begrenses bør ikke være så høy at det blir omfattende partikkelspredning.

- 2.8 Støy fra utfyllingsarbeidene og/eller anleggstrafikk skal ikke overskride grenseverdiene i veileder "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021).
- 2.9 Ved mistanke om eventuelle funn av kulturminner underveis i arbeidet skal arbeidene stanses og Bergens Sjøfartsmuseum kontaktes.
- 2.10 Fortrinnsvis skal det benyttes masser fra Stad skipstunnel til utfyllingen i Breivika. Dersom tilgangen på masser derfra viser seg å bli vesentlig mer begrenset enn først antatt, skal det så snart som mulig legges frem en alternativ fremdriftsplan for Statsforvalteren som viser hvordan prosjektet skal gjennomføres med masser fra andre kilder. Planen må inneholde en tidsplan og skal sikre at prosjektet fremdeles vil kunne gjennomføres effektivt og kontrollert og uten at det tar unødig lang tid. Videre skal den sikre at det kun benyttes rene masser som er egnet til formålet og som ikke gir opphav til marin forsøpling. Planen skal også sikre at utfylling med alternative masser vil kunne utføres med de avbøtende tiltak som er beskrevet i tillatelsen.

3. Kontroll og overvåking

- 3.1 Det skal gjennomføres kontroll og overvåking av tiltaksarbeidene i henhold til et kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal være i tråd med Norsk Standard NS 9433: 2017 *Turbiditetsovervåking av tiltak i vannforekomster* og skal inngå i virksomhetens internkontrollsystem. Programmet skal være tilstrekkelig omfattende til å avdekke eventuell uakseptabel spredning av forurensning i forbindelse med tiltaket. Program for turbiditetsmåling med kart over planlagte målestasjoner med begrunnelse skal sendes til statsforvalteren i god tid før arbeidet starter.
- 3.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerlig tas prøver/målinger av turbiditet i minst én referansestasjon i området som ikke er påvirket av anleggsarbeidene. Målestasjonene skal, jf. NS 9433, «plasseres i den retningen fra tiltaket og i den dybden der man forventer at partikkelspredningen er størst, eller der de gir resultater som er relevante for beskyttelse mot den belastningen som økt turbiditet vil medføre». Hensynet til de nærliggende naturverdiene skal være med i vurderingen av hvor måleapparatene skal plasseres. I tillegg til hovedmålerne skal det måles turbiditet ved minst én referansestasjon i området som ikke er påvirket av arbeidet.
- 3.3 Ved overskridelse av definert grenseverdi (alarmgrense) for turbiditet over en periode av definert lengde skal det iverksettes tiltak for å avklare årsakssammenhengen. Grenseverdien og varigheten av perioden skal være beskrevet og begrunnet i kontroll- og måleprogrammet som skal sendes til Statsforvalteren før arbeidene igangsettes, og være basert på en miljøfaglig vurdering og i tråd med retningslinjene i NS 9433. Dersom overskridelsen skyldes interne forhold, skal arbeidet stanses umiddelbart og nødvendige tiltak gjennomføres. Prosessen kan ikke startes opp igjen før turbiditeten er nede på stabilt nivå under grenseverdien. Rutiner og eventuelle tiltak skal beskrives i internkontrollen.

- 3.4 Det skal føres logg over resultater fra overvåkingen, samt mengder og tidspunkt for utfylling av masser. Loggen skal som et minimum også inneholde eventuelle overskridelser og korrigerende tiltak. Loggen skal være tilgjengelig ved eventuelle tilsyn.

4. Rapportering

- 4.1 Det skal sendes sluttrapport til Statsforvalteren innen 6 uker etter at anleggsarbeidet er avsluttet. Rapporten skal inneholde:

- Kort beskrivelse av tiltaket, utført arbeid og mengde masse brukt.
- Resultater fra turbiditetsmålinger
- Eventuelle overskridelser og korrigerende tiltak.

- 4.2 Utførte målinger av kjemisk tilstand i sedimentene (se rapport fra Norconsult med oppdragsnr. 52200163, datert 12.08.2022) skal registreres i databasen Vannmiljø **innen 31.07.2025**. På databasens nettsider finnes veiledning om hvordan dataene skal registreres, inkludert en oversikt over hvilke parametere som skal registreres.

5. Internkontroll, beredskap og varsling

- 5.1 Tiltakshaver skal uten opphold varsle Statsforvalteren om alle unormale forhold som har, eller kan få forurensningsmessig betydning.
- 5.2 Tiltakshaver plikter å ha et oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal bl.a. sikre og dokumentere at bedriften overholder krav i denne tillatelsen, forurensningsloven, produktkontrollloven og relevante forskrifter til disse lovene.
- 5.3 Tiltakshaver plikter å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt begrense risikoen for akutte utslipp fra all virksomhet knyttet til dette tiltaket. Slike tiltak skal være basert på en systematisk gjennomgang av alle elementer i tiltaksaktiviteten.
- 5.4 Den ansvarlige skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og begrense virkningen av akutt forurensning for all virksomhet, jf. forurensningsloven § 40. Beredskapen til den ansvarlige skal stå i et rimelig forhold til sannsynligheten for akutt forurensning og omfanget av skadene og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og begrense virkningen av en eventuell forurensning.
- 5.5 Ved akutt forurensning eller fare for akutt forurensning som følge av virksomheten, skal den ansvarlige varsle i henhold til *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forurensning gjøres til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har 24 timers vaktberedskap og får meldinger fra brannvesenet om akutt forurensning.

6. Generelle vilkår

- 6.1 Forurensningsmyndighetens vilkår skal ikke være til hinder for at andre myndigheter kan stille krav med hjemmel i annen lovgivning.

- 6.2 Tiltakshaver er ansvarlig for at vilkårene i tillatelsen blir overholdt. Tiltakshaver plikter å orientere vedkommende som skal gjennomføre tiltakene om de vilkår som gjelder, samt de restriksjoner som er lagt på arbeidet.
- 6.3 Forurensningsmyndigheten, eller de den bemyndiger, skal til enhver tid ha adgang til området for inspeksjon.
- 6.4 Statsforvalteren kan oppheve eller endre vilkårene i tillatelsen, sette nye vilkår, og om nødvendig trekke tillatelsen tilbake, dersom betingelser gitt etter forurensingsloven § 18 er til stede. Statsforvalteren har på samme grunnlag rett til, på ethvert tidspunkt, å stoppe arbeidet.
- 6.5 Hvis det viser seg at de omsøkte løsningene med de beskrevne miljøbeskyttende tiltak ikke virker som forutsatt i vilkårene, kan den ansvarlige umiddelbart bli pålagt å sette i gang ytterligere tiltak.